

Grunneigarar/rettshavarar

Vår dato: 19.12.2025

Vår ref.: 202515046-35 Oppgi ved kontakt

Tjora transformatorstasjon. Orientering om godkjent detaljplan

I dag har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) godkjent Lnett sin detaljplan for Tjora transformatorstasjon i Sola kommune i Rogaland fylke.

Detaljplan konkretiserer korleis Lnett skal bygge og drive anlegget, slik at miljø og landskap vert vareteke på best mogleg vis.

Vedtak om godkjenning¹ og NVE sitt notat «Grunngjeving for vedtak»² av 19. desember 2025 er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/14062/A.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine reglar om partsinnsyn gir grunneigarar og andre med rettar, rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, sjå <https://einnsyn.no>

Klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klager vil verte sende til konsesjonær for uttale før saka vert lagd fram for Energidepartementet.

Klaga må innehalde opplysningar som gjer det mogleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett.

Ved spørsmål eller behov for nærare opplysningar, ta kontakt med saksbehandlar i NVE, Torben Lode tlf. 22 95 95 95 eller e-post tolo@nve.no.

Med helsing

Matilde Anker
fagleiar

Torben Lode
rådgjevar

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

¹ NVE-ref.: 202515046-33

² NVE-ref.: 202515046-34



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 25. januar 2026. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg innan denne fristen, startar klagefristen på 3 veker å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.